

«Havet gav, havet tok»

Laurdag 13. juni arrangerer DIS-Møre og Romsdal tur til Hustadvika.

Turen startar i Molde, og går langs kystlina fram til Bud, for første stopp. Vidare austetter langs Hustadvika med stopp på Malefeten og Hustad kyrkje, før vi køyrer til Kråkholmen. Der det blir båttransport over til Kvitholmen. Til slutt blir det buss over Atlanterhavsvegen og tilbake, før bussen køyrer tilbake til Molde.

Vi har hatt to svært så vellukka turar i 2007 og 2008. I 2007 var vi på Lesja, og i 2008 var vi i vårt eige fylke, Storfjorden, med Stordal og Skotet.

Tema for turen i år er «Havet gav, havet tok».

Havet var både ven og fiende. Havet gav føde og arbeid til alle her ute. Men havet tok også sitt igjen. Det var ikkje alltid så enkelt å gje seg ut på "det bårute havet". Havet tok til seg mange av sønene, fedrane og bestefedrane. Havet er lunefullt, frå dei blanke stille sommarkveldane der sola går raud og rund ned i havflata mot nordvest, til dei frådande nordveststormane om vintrane, når bølgiene gleser etter kvar ein menneskekropp som vågar seg ut. Mange små og store skuter har kome inn mot denne kysten, og enda sine dagar her, i dei frådande brotta. Men også mange fiskarar har funne rikdommen sin her ute.

Første stopp er på [Ergan Kystfort](#)

I løpet av andre verdskrig bygde tyskarane eit av sine sterkaste kystfort i Bud for å kontrollere den sterkt trafikkerte Hustadvika utanfor Bud. Fortet vart bygd på Ergan i perioden 1941–1945, og det er no restaurert og ope for omvising.



Frå mai til november 1945 vart fortet demontert. Våpen og ammunisjon vart dumpa i havet, og brakkene med inventar seld.



Vi skal ha ein enkel lunsj på [Bryggjen i Bud](#). Her vil vi få servert svele, kake og kaffe.

Bryggjen i Bud er ein restaurant som hovedsakleg baserer seg på råvarer frå havet, men som også serverer tradisjonelle og smaksrike kjøttretter.

Vidare austover på Hustadvika skal vi stoppe ved **Malefeten** der det er eit rullesteinsgravfelt med kring 30 gravrøyser frå perioden 400–900 e. Kr. Det viser busetjing langt attover i tida. Det ligg og veldig mange andre grav-røyser langs Hustadvika.

Like ved ligg [Hustad kyrkje](#), ei langskipkyrkje innvigd i 1875 og har om lag 350 sitjeplassar. Den gamle korskyrkja som sto like ovanfor dagens kyrkje vart riven i 1876. Denne kyrkja vart bygd i 1738 etter at forrige kyrkje brann ved "lynild" i 1718.

Vi skal så ha båtskyss over til **Kvitholmen**.

Den er første gong nemnd på eit hollandsk kart frå 1658. Der er det skreve Witholmen. Elles er staden nemnd eit par gonger utover på 1700-talet bl.a. i samband med skipsforlis. Det var eit viktig landemerke for dei som segla langs med kysten.



Som eigedom er det nemnd første gong i eit skøyte frå 1824 i samband med ein auksjon over handelshuset Kaasbøll og Sønner i Kristiansund.

I innstillinga si hadde fyrkommisjonen av 1828 gjort framlegg eit kystfyr på Hustadvika, kombinert med eit leifyr på Stavneset. Det vart befarig i 1838 og det høgste punktet på Kvitholmen, 16 m.o.h., vart vald ut som beste løysinga som tomt til fyrstasjon.

Kvitholmen fyrstasjon sto ferdig i 1842, og fyret vart tent 1. september dette året. Raud fyrlykt på kvitt steintårn.

Den første fyrmeisteren vart Anton Herlofsen, som døydde ute på Kvitholmen sommaren 1845 rundt 30 år gl.

Etter at vi er ferdige med Kvitholmen skal vi ta turen over **Atlanterhavsvegen**, med gaiding/orienteirng, før bussen snur og køyrer attende til Molde.

Deltakarar frå Nordmøre og Romsdal, nord om Romsdalsfjorden, tek seg fram til Molde for eigen transport. Sunnmøringane og romsdalingane sør om Romsdalsfjorden samlast på Furneset og tek ferja 09.00. Det må organiserast eigen/felles transport fram til Furneset.

Det er plass til berre 45 personar i bussen, og deltakarane blir ført opp etter som dei melder seg på, så her er det først til mølla.

Heile turen vil kosta berre **600 kroner** for kvar person, og då er alt inkludert.

Det blir sendt ut giro til dei som melder seg på, med førehandsbetaling. (Vi må ha pengar til å betale buss, mat, gaidar og liknande)

Påmelding innan 20. mai på e-post til h-ormbos@online.no

Skriv kvar du reiser frå og kva for ei gruppe du er med i, elles gjev du opp adresse, telefonnr., både fasttelefon og mobiltelefon, slik at vi kan få tak i deg.

Tidsplana er slik:

- Kl. 09.00 Ferje frå Furneset til Molde.
- Kl. 09.45 Bussen startar frå Molde, og køyrer kystlina til Bud.
- Kl. 10.45 Omvising på Ergan Kystfort.
- Kl. 12.00 Enkel lunsj i Bryggjen i Bud.
- Kl. 12.45 Bussen køyrer austover langs Hustadvika.
- Kl. 13.15 Bussen stoppar ved Malefeten og Hustad kyrkje. Omvisingar.
- Kl. 14.30 Bussen køyrer vidare langs Hustadvika.
- Kl. 14.45 Vi kjem til Kråkholmen for båttransport over til Kvitholmen.
- Kl. 15.00 Omvising og gaiding på Kvitholmen.

- Kl. 16.00 Middag på Kvitholmen (ute eller i naustet).
- Kl. 16.45 Båten går inn til fastlandet igjen.
- Kl. 17.00 Bussen kører i retning Atlanterhavsvegen.
- Kl. 17.15 Vi er på/over Atlanterhavsvegen, orientering/gaiding.
- Kl. 17.45 Bussen kører i retning Molde.
- Kl. 18.45 Ferje frå Molde til Furneset.